

Felieke van der Leest.

Fra *Spermheart* til *Miss Universe*

Kunsthuset Kabuso 02.06 – 26.08 2018

Dyr er sentrale i kunstverka til Felieke van der Leest. Dei blir hardt behandla. Ho sagar og borer, deler dei i biter og hektar delane til edle metall og små hekla plagg. Felieke van der Leest omformar dei kjende plastleikedyra til talande uttrykk for menneskeleg dårskap og leik. Mange av tablåa har lett kjennelege referansar. Internasjonale kulturfigurar henta frå teikneserien Lucky Luke eller Asterix og Obelix ligg og lurar i ei blå- og kvitstripa bukse, eller i ein velforma hestebak, montert mot den evige solnedgangen.

Det er lett å gløyme at desse verka eigentleg er smykke. Dei er laga for å berast på kroppen, som små mobile skulpturar. I dei komplekse samanstillingane der det narrative innhaldet gir rom for fleire moglege forteljingar, har van der Leest sørgd for at ein vital del kan løysas frå resten. I dette grepet opnar det seg nye fortolkingar, ny lesnad av verket. *Duo Dupli Diplo* er eit døme der innhaldet endrar seg i transformasjonen frå skulptur til smykke, avhengig av kva ein legg vekt på. Som skulptur står dinosaurane mot kvarandre i ein kamppositur, underlaget er ei målskive i svart og gult. Men eit innslag størrar lesinga av brytekamp; forbeina er kledd med raude vottar, forma som hjarte. Er møtet meir som ei omfamning? Dei lange halsane endar i to små hovud og dei bit begge over eit hjarte forma i metall som omkransar hovudet. Metallhjarta er øyreringar, og kan takas laus frå resten av dinosaurane. Som øyreringar spring hjartet ut av gapet til dyra, dei «ber hjartet utanpå» – eit vanleg bilete på lengsel.

Forteljingane van der Leest stillar fram i tablåa, hentar inspirasjon frå det me ofte omtalar som lågkultur, det daglegdagse og trivielle. Som nemnt hentar ho figurar frå teikneserieverda, frå mytane om den ville vesten, frå sportens intense konkurransar og undringa over kor forgjengeleg alt er, til sist. I dette ligg mykje av humoren. Edelt og «evig» metall og steinar er satt saman med hekla kjeder i imitert metalltråd, glasperler og masseproduserte plastikkdyr. van der Leest omtalar sjølv verka som fablar. Ein fabel er eit kort, moralsk lærestykke, ofte med dyr i hovudrolla. Moralen er ikkje alltid like lett å trekkje ut av hennar verk, noko som ifølge Jorunn Veiteberg heng saman med hennar sans for det absurde. «Det er nett mangelen på logikk som er karakteristisk for det absurde», skriv Veiteberg. «Når vi i dagleg tale stemplar noko som absurd, meiner vi gjerne noko latterleg. Men det fins også ein djupare og alvorlegare botn under det absurde. I kunst og filosofi er absurdismen knytt til ei oppfatning av at livet er meningslaust, og at ikkje finst noko fast å tru på eller leva for.»¹

I tråd med ein absurd tilnærming til livet ser oppgåva ut til å vere å plukke ifrå kvarandre tilløp til det sjølvhøgtidelege, det arrogante og alle formar for fanatisme. Desse eigenskapane er tett knytt til det menneskjelege, så me ber alle på ein dose kvar, men lukkeligvis kan me – på ein god dag – brått få auge på det absurde i korleis me ter oss.

1 Jorunn Veiteberg: *Magiske miniatyrar* i Felieke van der Leest: *The Zoo of Life. Jewellery & Objects 1996 – 2014*, Arnoldsche Art Publishers 2014, s.17

Dei mange komplekse tablåa Felieke van der Leest har forma og satt saman, hjelper godt på veg til slike brå glimt av innsikt. I enkelte av verka er ironien lett å lesa, som der fenomen som forfengelegheit og macho-kultur blir behandla. *Emperor Penguin Freddie with Polar Bear Necklace* er ei kosteleg skildring av det me gjerne kallar bling-bling kultur. Rundt halsen ber pingvinen med edelsteinauge ei imponerenda bjørneklo, alle tiders symbol på mannleg virilitet og makt. Men det er også med ein viss sjølvvironisk innsikt van der Leest let Freddie breie seg med ei glinsande bjørneklo i edelt metall, som smykkekunstnar arbeider ho med dei fysiske teikna på vår evige forfengelegheit og pyntebehov.

I andre er forteljinga mørkare, meir subtil. Haren med raud lue og tung gullkjede rundt halsen, *Esquire Johnny*, pekar rett nok mot bling-bling og pyntesjuka, men den djupare understraumen av vold og sjølvøydelegging kan sporas i dei glitrande kvite harelabbane festa i kjedet. Likeeins fins det klart uttalt ein kritikk mot evna til sjølvdestruksjon i verket *Think Sustainable!* Der dinosauren, ein Tyrannosaurus Rex, har orda Think Sustainable forma i elfenbein frå mammut stabla langs ryggraden. Om halsen heng utropsteiknet. Årsaka til at elfenbeinet i bokstavane er frå mammut er at elfenbein frå elefant er forbode, fortel van der Leest, men sidan mammut allereie er utdødd er den elfenbenen tilgjengeleg. På baksida av bokstavane har tida lagt i frå seg sine tydelege avleirningar. Ein kan kanskje kjenne vekta av tida trykkje mot kragebeinet når dette bokstavkjedet heng rundt halsen.

Titlane, namna van der Leest har gitt verka, er viktig for å oppfatte heile biletet. Dei er rike på assosiative sprang, lydmalande rytme og gir ein peikepinn på graden av lek og fjas det absurde universet rommar. Det meiningslause er alvor og krev respektlaus lettsindigheit, synes *Freddie the Emperor*, *Hare O'Harix*, *Miss Universe* og andre i van der Leests samansette univers å seie.

Sissel Lillebostad

